



Blest

NYNORSK MARKNADFØRINGSSPRÅK

Arild Torvund Olsen

Blest

Nynorsk marknadsføringspråk

ULSTEIN MÅLLAG
2009

FORMGJEVING:	Innhald
Arild Torvund Olsen	5 Føreord
	6 Ikkje slik ... (døme på vanlege feil)
UTGJEVAR:	7 ... men slik
Ulstein mållag	8 Nynorske avløysarord
	10 Råd for å unngå vanlege feil
SKRIFTER:	11 Genitiv
Dolly og Bello	11 Tankestrek eller bindestrek?
	12 Aksenteikn
3. utgåva, 2009	12 Stor bokstav
	12 Hermeteikn
	13 Særskrivning og samanskriving (orddelingsfeil)
	13 Punktum eller ikkje?
	13 Mellomrom eller ikkje?
	14 Nynorske namn på nokre utvalde høgtider og merkedagar
	15 Nynorske namn på vekedagane
	16 Nynorske namn på årstidene
	16 Gode hjelpemiddel

Føreord

Nynorsk er eit godt marknadsføringsspråk. Det nynorske språket vart laga med utgangspunkt i det store dialektmangfaldet i Noreg. God nynorsk språkføring gjev setningar som er klåre, lette og munnlege i stilen. Nyttar du nynorsk i marknadsføringa, skil du deg dessutan positivt ut i den daglege flaumen av reklame på bokmål og engelsk.

Dette heftet er laga for å gjera livet litt lettare for deg som vil laga god marknadsføring på nynorsk. Heftet samlar skriveråd, nynorske avløyssarar for vanlege bokmålsformuleringar, råd om teiknsetjing, nynorske namn på høgtider og merkedagar og anna nyttig.

Eg vil nytta høvet til å takka Ingvild Aursøy Måseide, Terje Aarset, Inger Johansen, Sergej Alexander Munkvold, Ingrid Slettevoll, Vikebladet Vestposten, Bjarne Wærdahl og Tussa AS for råd, hjelp og innspel i arbeidet med heftet.

Arild Torvund Olsen

Ulstein, 2009

Ikkje slik ...

KJEMPE SALG 50% RABATT

Me ryddar plass til hausten's varer
og har sal på mange merker.

Butikken er åpen Mandag - fredag frå kl 10:00 - 20:00.

Husk rabattkortet!

BOKMÅLSORD (sjå s. 8–9)

FEIL NAMN PÅ
VEKEDAG (sjå s. 15)

FEIL BRUK AV
STOR BOKSTAV (sjå s. 12)

FEIL TEIKNSETJING (sjå s. 11)

FEIL TEIKNSETJING (sjå s. 13)

VANTANDE PUNKTUM (sjå s. 13)

... men slik

KJEMPESAL 50 % RABATT

Me ryddar plass til haustvarene
og har sal på mange merke.

Butikken er open måndag–fredag kl. 10.00–20.00.

Hugs rabattkortet!

BOKMÅLSORD (sjå s. 8–9)

ORDDELINGSFEIL (sjå s. 13)

GENITIVSFEIL (sjå s. 11)

FEIL BØYINGSENDING (sjå s. 10)

VANTANDE MELLOMROM (sjå s. 13–14)

Nynorske avløysarord

for eit utval bokmålsord, lånord, framandord og utanlandske ord (læreboknormalen)

accessories tilleggsutstyr, pynt, lauseffektar

adgang forbudt ikkje tilgjenge, stengt for uvedkomande

anbefale tilrå **dagens anbefaling** i dag tilrår me, kokken tilrår

anbud fastpristilbod, tilbod, anbod

ankomme koma **det har ankommet et nytt parti** med det har kome eit nytt parti med

bedrift verksemd

begynne byrja, ta til

beholdning opplag, varemengd, lager

tilbudet gjelder så langt beholdningen

rekker tilbudet gjeld så langt lageret rekk

beliggenhet lægje/leie, plassering **huset har en god beliggenhet** huset ligg godt til

bestille tinga, skriva etter **bestilling** tinging

forhåndsbestille førehandstinga

billig rimeleg, billeg/billig **billigere**

rimelegare, billegare/billigare

bolig bustad, husvære

bondens marked bondemarknaden

bugne bogna **det bugner av gode tilbud** det bognar av gode tilbod

byttes kan/skal/må bytast **varen byttes ikke**

vara kan ikkje bytast, du kan ikkje byta

vara **varen byttes kun mot kvittering**

vara kan berre bytast mot kvittering

dagens for dagen, dags-, i dag: **dagens**

tilbud (på) tilbod i dag **dagens rett** på

menyen i dag **dagens OL-tilbud** OL-

tilbodet i dag **dagens anbefaling** i dag

tilrår me, kokken tilrår

dagligvarer daglegvarer

enhetspris jamførpris, kilopris, meterpris, literpris, pr. m/kg/l/...

etterspørsel etterspurnad

fashion mote

forbehold atterhald **med forbehold om**

trykkfeil med atterhald om prentefeil/trykkfeil

forbudt forbode **adgang forbudt** ikkje

tilgjenge, stengt for uvedkomande

forhåndsbestille førehandstinga

fåes kjøpt er å få kjøpt

gave gåve

gjelder ikke før gjeld ikkje før

gårsdagens frå i går **gårsdagens bakst**

gårbakst, baka/bakt i går

hjemmebakt heimebakt/heimebaka

hjemmelaget heimelaga

holdbar som held seg **holdbar til** held seg til

lang holdbarhet held seg lenge

husets frå huset **husets vin** vår eigen vin

huske hugsa **husk morsdagen!** hugs

morsdagen! **husk også vår nye avdeling**

hugs òg den nye avdelinga vår

hverdag kvardag

høstens for hausten, haust- **høstens mote**

haustmoten **høstens nyheter fra**

haustnytt frå/hjå/hos **høstens lekreste**

jakker dei lekraste haustjakkene,

dei lekraste jakkene denne hausten

høstens klesnyheter haustnye klede

høstnyheter haustnytt

klær klede (i *samansetjingar*: klede- el. kle(s)-)

kom og se kom og sjå

kun berre **nå kun kr 50** no kr 50

lavpris lågpris **lave priser** låge prisar **lavere**

pris lægre/lågare prisar

leveres med vert levert med

make-up sminke

mandag måndag

marked marknad **bondens marked**

bondemarknaden

mengde mengd **en mengde** mange, ei

mengd **en mengde gode tilbud** mange

gode tilbod

mer meir

må oppleves må opplevast

må sees må sjåast

nyhet nyhende, ny, (siste) nytt **nyheter fra**

(siste) nytt frå **vårnyheter innenfor**

damemote vårny damemote

nyåpning nyopning

nå no nå kun kr 50 no kr 50

prøv vår nye salat prøv den nye salaten vår

prøv også vår fruktavdeling prøv òg

fruktavdelinga vår

refill påfyll
release plate-/bokslepp **release party** sleppfest
rimelig rimeleg **rimeligere** rimelegare
sale sal **final sale** sluttsal, siste salet
salg sal **til salgs** til sals **salgets siste dager** salsinnsjutt, dei siste dagane av salet, sluttspurt på salet
selge selja **selges til halv pris** til sals for halv pris
selv sjølv **selvbetjening** sjølvplukk, sjølvforsyning
sendes vert sendt, skal/må/bør sendast
svaret sendes til svaret sender du til
varene sendes hjem til deg varene vert sende heim til deg, me sender varene heim til deg
serveres med vert servert med
service teneste, hjelp **kundeservice** kundeteneste, kundestønad, kundehjelp
se vårt nye tilbud innen bilvask sjå det nye bilvasktilbodet vårt **se også vårt verkstedtilbud** sjå òg verkstadtilbodet vårt
shoppe handla **shoppingsenter** kjøpesenter, butikksenter
smak vår nye pizza smak den nye pizzaen vår **smak også våre kremboller** smak òg krembollane våre
snacks småknask, saltknask
sommerens for sommaren, sommar-
sommerens mote sommarmoten
sommerens nyheter fra sommarnytt frå/hjå/hos **sommerens lekreste kjoler** dei lekraste sommarkjolane, dei lekraste kjolane denne sommaren **sommerens klesnyheter** sommarnye klede **sommernyheter** sommarnytt
stenge stengja **stenges** stengjer **stengt** stengd (*om han- og hokjønnsord*), stengt (*om inkjekjønnsord*), stengde (*om fleirtal*)
størrelse storleik
tilbud tilbod **tilbudet gjelder så langt beholdningen rekker** tilbodet gjeld så langt lageret rekk
til salgs til sals
tilsatt sukker tilsett sukker **uten/ikke tilsatt sukker** utan tilsett sukker

trekkes vert trekt **rabatten trekkes fra i kassen** rabatten vert trekt frå i kassa/kassen, me dreg frå rabatten i kassa/kassen
uansett endå, jamvel om, same kva, utan omsyn til **uansett førpris** utan omsyn til førpris, alle prisgrupper, alt på bordet/stativet/hylla
ukens denne veka, veke- **ukens tilbud** på tilbod denne veka, veketilbod
utleie utleige
utvalg utval
valg val
veiledende pris rettleiande/rådgevande pris
velge velja **velg mellom** vel mellom
venligst ver så venleg å, gjer vel å
vinterens for vinteren, vinter- **vinterens mote** vintermoten **vinterens nyheter fra** vinternytt frå/hjå/hos **vinterens lekreste jakker** dei lekraste vinterjakkene, dei lekraste jakkene denne vinteren **vinterens klesnyheter** vinternye klede **vinternyheter** vinternytt
virksomhet verksemd
vær tidlig ute ver tidleg ute
vår bestselger bestseljaren vår
vårens for våren, vår- **vårens mote** vårmoten **vårens nyheter fra** vårnytt frå/hjå/hos **vårens lekreste kjoler** dei lekraste vårkjolane, dei lekraste kjolane denne våren **vårens klesnyheter** vårnye klede **vårnyheter** vårnytt
vår nye modell den nye modellen vår
weekend helg
ønskes ynskjer/ønskjer, vert ynskt/ønskt
en god handel ønskes deg og dine me ynskjer/ønskjer deg og dine ein god handel **x ønskes kjøpt** ynskjer/ønskjer å kjøpa x, vil kjøpa x
åpen open **åpent** ope **vi har/holder åpent** me har/held ope **butikken åpnes** butikken opnar **dørene åpnes kl. 12 innslepp kl. 12 åpning** opning
åpningstid opningstid **nyåpning** nyopning
årets (frå) i år **årets kjempesalg** det største salet i år, kjempesalet 20xx (*t.d. 2007*)
årets kolleksjon 20xx-kolleksjonen

Råd for å unngå vanlege feil

1. Bruk munnleg ordstilling der det lèt set gjera. Skriv heller «økologisk tomat» enn «tomat, økologisk».
2. Ikkje ta utgangspunkt i bokmålssetningar som du omset ord for ord, slikt vert det dårleg språk av. Tenk heller korleis du best kan uttrykka innhaldet på eit lett og munnleg vis. Godt nynorsk reklamespråk skal vera enkelt og klårt i stilen.
3. Unngå overdriven bruk av forkortingar. For mange forkortingar gjer at teksten vert tung å lesa.
4. Styr unna passive formuleringar. Ikkje skriv at «varene seljast no til halv pris». Skriv i staden at «no sel me varene til halv pris».
5. Les høgt det du har skrive. Slik kan du lettare luka ut tunge formuleringar.
6. Hugs at inkjekjønnsord ikkje får ending i ubunden form fleirtal. Det heiter «fleire eple» og «fleire merke», ikkje «fleire epler» og «fleire merker».
7. Berre verb som sluttar på *-a* i fortid (t.d. «kasta») skal ha endinga *-ar* i notid. Andre, slik som «kjøpte», skal ha *-er* i notid: «kjøper».
8. Det er valfritt kva infinitivsending du nyttar («å kaste» eller «å kasta»), men hald deg til same infinitivsendinga gjennom heile teksten. Hugs at kva infinitivsending du nyttar, ikkje har noko å seia for verbbygginga.
9. Ikkje bland nynorsk og bokmål i same lysinga. Bokmålsinnslag gjer at lysinga ser ut som ei halvferdig omsetjing. Nynorsk og dialekt lèt seg derimot godt kombinera, men helst ikkje i same setninga. Du kan t.d. nytta eit slagord på dialekt og ha resten av lysinga på nynorsk.
10. Hugs at det heiter «eit barn» (ikkje «eit born»), medan det i fleirtal er valfritt om du vil skriva «fleire born» eller «fleire barn». I samansetjingar heiter det alltid «barne-»: *barnebøker; barneborn; barnehage; barneklede*.
11. Ikkje bland saman «gjer» og «gjev». «Gjer» er notid av «å gjera», medan «gjev» er notid av «å gjeva».
12. Ha gode rutinar for språkvask.
13. Lag gjerne lister med svar på slikt du ofte er uviss på. Heng lista di der du sit og skriv.
14. Det er inga skam å nytta ordbok.

Genitiv

S-genitiv skriv me utan apostrof på norsk. Det heiter «Pers butikk», ikkje «Per's butikk». Eit unntak er etter ord som sluttar på *-s*, *-x* eller *-z* (*Vesaas' butikk*), men pass då på at du nyttar apostrof (') og ikkje t.d. aksenteikn (´). På nynorsk vert s-genitiv berre nytta i tilknytning til namn (*Pers hotell; Dals prenteverk*) og til ubundne substantiv – i hovudsak i nemningar for tid og mål (*ein dags arbeid; i mils omkrins*). Elles nyttar me helst preposisjonar eller samansetjingar:

- PREPOSISJONAR
 - *skinke frå husslakteriet* (bokmål: *husslakteriets skinke*)
 - *inngangen til kjøpesenteret* (bokmål: *kjøpesenterets inngang*)
 - *nytt i vinter* (bokmål: *vinterens nyheter*)
 - *butikken på staden* (bokmål: *stedets butikk*)
- SAMANSETJINGAR
 - *vintermote* (bokmål: *vinterens mote*)

Tankestrek eller bindestrek?

Tankestreken (–) er litt lengre enn bindestreken (-), og desse to teikna har ulike funksjonar.

Tankestreken vert mellom anna nytta

- for null øre: 49,–
- i tydinga «frå ... til» eller «mellom ... og»: 300–400*; *Bergen–Oslo; ope kl. 10–20*** (Utan mellomrom før og etter tankestreken.)
- for å markera sitat: – *Det var lurt, sa han.*
- for å markera innskot i setningar: *Dette tilbudet er – utan tvil – det beste i år.* (Med mellomrom før og etter tankestreken.)

Bindestreken vert mellom anna nytta

- før avleiingsendingar og bøyingsendingar på forkortingar: *PC-en; CD-ROM-en; TV-en*
- for å markera sams ledd: *tilbods- og informasjonsavis; mån- og tysdagar; kampanjelysing og -avis*
- i orddeling ved lineskifte: *tids-
typisk*

Du finn meir informasjon på vevsida til Språkrådet:

www.sprakrad.no/Sprakhjelp/Rettskriving_Ordboeker/Skriveregler_og_grammatikk/Tankestrek/
www.sprakrad.no/Sprakhjelp/Rettskriving_Ordboeker/Skriveregler_og_grammatikk/Bindestrek/

* Merk at 3–400 og 300–400 er to heilt ulike intervall.

** Tankestreken tyder både «frå» og «til». Formuleringar som «frå Bergen–Oslo» og «ope frå kl. 5–10» vert difor feil.

Aksenteikn

Bortsett frå i namn er det lov å utelata aksenten i alle ord på norsk. Dersom du nyttar aksentar, må du passa på at du nyttar rett aksent. Akutt aksent (´) vert i hovudsak nytta for å markera trykk (*kafé; idé; éin*). Grav aksent (`) vert nytta i ord som til dømes «òg», «mòrpølse» og «à» (2 mòrpølser à kr 7,90). Cirkumfleksteiknet (^) vert stort sett berre nytta i orda «fòr», «lêr» og «vêr», i tillegg til i nokre utanlandske ord og vendingar som «crème fraîche».

Du finn meir informasjon på vevsida til Språkrådet:

www.sprakrad.no/Sprakhjelp/Rettskriving_Ordboeker/Skriveregler_og_grammatikk/Aksenteikn/

Stor bokstav

Ikkje bruk store førebokstavar i hytt og vêr. Namn på månader, heilagdagar og liknande skal ikkje ha stor førebokstav. På norsk nyttar me berre stor førebokstav i eigennamn og i byrjinga av setningar. Styr difor unna konstruksjonar som «KjempeSal».

Når eit geografisk namn eller personnamn vert ein del av ei bindestreksamansetjing som vert oppfatta som eit nytt særnamn, skal bae ledda ha stor førebokstav (*Sumar-Sunnmøre; Midt-Noreg*). Når eit geografisk område vert avgrensa med ord som «vestre», «indre», «øvre» og liknande, skal bae orda ha stor førebokstav dersom samansetjinga geografisk eller administrativt er eit tydeleg definert område (*Søre Sunnmøre; Indre Sogn*). Elles skal fyrste ordet ha liten førebokstav (*vestre Hordaland; nordre Sunnfjord*).

I punktlistar skal kvart punkt byrja med liten førebokstav, med mindre punkta er lange og sluttar med punktum, spørjeteikn eller ropeteikn. Dersom kvart punkt er ein del av setninga som innleier punktlista (sjå døme på s. 13), skal punkta byrja med liten førebokstav.

Du finn meir informasjon på vevsida til Språkrådet:

www.sprakrad.no/Sprakhjelp/Rettskriving_Ordboeker/Skriveregler_og_grammatikk/Stor_eller_liten_forbokstav/

Hermeteikn

På norsk skriv me helst hermeteikn «slik», eventuelt “slik”. Teikna skal vera vende slik at dei omfamnar ordet («slik», ikkje »slik«). Ikkje nytt tommeteikn (") som hermeteikn.

FEIL:

KAFÈ

RETT:

KAFÉ

NAMN PÅ DAGAR
OG MÅNADER

GEOGRAFISKE
NAMN

PUNKTLISTER

«SLIK»

Særskriving og samanskriving (orddelingsfeil)

«Lamme lår» og «lammelår» er to ulike ting. Dei vert uttalt ulikt, og dei skal skrivast ulikt. Samansette ord skal skrivast i eitt («skitentøykorg»), elles vil lesaren lett tolka det han les som «... som er ...» («skiten tøykorg» tyder «tøykorg som er skiten», og dei færraste ynskjer å kjøpa noko slikt). Dersom eit samansett ord vert delt over to eller fleire liner, må du nytta bindestrek.

Nokre ord og uttrykk som ofte vert skrivne feil: *i dag; ifrå; i gang; i går; i hop; i lag; i land; imot; i saman; om att; om lag; om senn; omsider*. Merk skilnaden på «alt for» og «altfor»: *Butikken gjer alt for kundane. Salet slutta altfor tidleg.*

FEIL:

**KJEMPE
TILBOD**

RETT:

**KJEMPE-
TILBOD**

Du finn meir informasjon på vevsida til Språkrådet:

www.sprakrad.no/Sprakhjelp/Rettskriving_Ordboeker/Skriveregler_og_grammatikk/Eitt_eller_fleire_ord/

Punktum eller ikkje?

Bruk punktum

- i forkortingar: *kl.; t.d.; filet m. skinn* (ikkje «filet m/skinn»)
- i klokkeslett: *19.00* (ikkje «19:00»)
- i datoar: *5. februar; 05.02.* (ikkje «05/02»); *05.02.2008*

Ikkje bruk punktum

- i forkortingar for mynteiningar, mål, vekt og liknande: *kr*
- i summar: *10 000* (ikkje «10.000»)
- i førebokstavord: *SAS*

Du finn meir informasjon på vevsida til Språkrådet:

www.sprakrad.no/Sprakhjelp/Rettskriving_Ordboeker/Skriveregler_og_grammatikk/Punktum/

Mellomrom eller ikkje?

Bruk mellomrom

- mellom tal og prosentteikn: *50 %*
- mellom tal og einingar for mynt, mål, vekt og liknande: *50 kr*
- før og etter tankestrek nytta som sitatteikn: *– Det her var lurt, sa han.*
- før og etter tankestrek nytta for å markera innskot: *Dette tilbudet er – utan tvil – det beste i år.*
- etter eit ordenstal med punktum: *12. gongen; 17. mai*
- i store tal: *10 000; 1 500 000*
- før og etter gangeteikn, plussteikn, minusteikn, deleteikn og likskapsteikn: *10 × 5 m*

Ikkje bruk mellomrom

- etter plussteikn og minusteikn som skal syna at eit tal er positivt eller negativt: +5 °C
- ved skråstrek: 2005/2006
- før og etter tankestrek i tydinga «frå ... til» eller «mellom ... og»: 300-400

Du finn meir informasjon på vevsida til Språkrådet:

www.sprakrad.no/Sprakhjelp/Rettskriving_Ordboeker/Skriveregler_og_grammatikk/Mellomrom/

Nynorske namn på nokre utvalde høgtider og merkedagar

FASTE DATOAR

- 1. januar: nyårsdag el. nyttårsdag, 1./fyrste/første nyårsdag el. nyttårsdag
- 2. januar: 2./andre nyårsdag el. nyttårsdag
- 6. februar: samefolket sin dag
- 14. februar: valentinsdag, Sankt Valentins dag
- 8. mars: kvinnedagen
- 1. mai: arbeidarane sin internasjonale kampdag
- 8. mai: frigjeringsdagen
- 17. mai: grunnlovsdagen, nasjonaldagen
- 23. juni: jonsokaftan el. -eftan, sankthansaftan el. -eftan
- 24. juni: jonsok, jonsokdag, sankthans, midsommarfestdag, [midsumarfestdag], jonsmess(e)
- 2. juli: syftesok
- 28. juli: olsokaftan el. -eftan
- 29. juli: olsok
- 24. oktober: SN-dagen el. FN-dagen
- 31. oktober: allehelgensaftan el. -eftan (det norske ordet for «halloween»)
- 1. november: allhelgemess(e), helgemess(e), allehelgensdag (i Den norske kyrkja vert dagen markert fyrste sundagen i november)
- jul -a [jol -a/i] og advent
 - 13. desember: luciadagen, lussimess(e)
 - 23. desember: vesle-/lisle-/litlejulaftan el. -eftan, [vesle-/lisle-/litlejolaftan el. -eftan]
 - 24. desember: julaftan el. -eftan, [jolaftan el. -eftan]
 - 25. desember: juledag, [joledag], fyrstedag/førstedag jul, [fyrstedag/førstedag jol], 1./fyrste/første juledag, [1./fyrste/første joledag]
 - 26. desember: 2./andre juledag, [2./andre joledag], annandag jul, [annandag jol], andredag jul, [andredag jol]
- 31. desember: nyårsaftan el. -eftan, nyttårsaftan el. -eftan

RØRLEGE DAGAR

morsdag (andre sundagen i februar)

fastelavn -en

fastelavnssundag el. fastelavnssøndag (siste sundagen før faste)

fastelavn (siste tre dagane før langfasta)

feitetysdag (siste dagen før fasta)

oskeonsdag (fyrste onsdagen etter fastelavn)

påske -a el. -en

palmesundag el. palmesøndag (sundag før påske)

skjærtorsdag, [skirtorsdag] (siste torsdagen før påskedagen)

langfredag (fredagen før påske)

påskeaftan el. -eftan (aftanen eller dagen før fyrste påskedag)

påskedag, 1./fyrste/første påskedag, fyrstedag/førstedag påske

2./andre påskedag, andredag påske

Kristi himmelfartsdag, helgetorsdag (sjette torsdagen etter påske)

pinse -a el. -en, pins -a, [-i] el. -en, kvitsunn -en

pinseaftan el. -eftan

pinsedag, 1./fyrste/første pinsedag, fyrstedag/førstedag pinse

2./andre pinsedag, andredag pinse

farsdag (andre sundagen i november)

PERSONLEGE DAGAR OG HENDINGAR

bryllaup -et

bryllaupsaftan el. -eftan (kvelden før bryllaupet)

bryllaupsdag -en (dagen ein giftar seg el. årsdag for eit giftarmål)

dåp -en

fødselsdag -en, bursdag -en, åremålsdag -en, gebursdag -en

gravferd -a el. [-i]

konfirmasjon -en

namnedag -en

truloving -a el. [-i]

Nynorske namn på vekedagane

måndag (forkorta *må.*)

tysdag (forkorta *ty.*)

onsdag (forkorta *on.*)

torsdag (forkorta *to.*)

fredag (forkorta *fr.*)

laurdag (forkorta *lau.*)

sundag (forkorta *su.*) el. søndag (forkorta *sø.*)

Nynorske namn på årstidene

vår -en

sommar -en (fl. somrar), [sumar -en (fl. sumrar)]

haust -en

vinter -en (fl. vintrar), vetter -en (fl. vetrar)

Gode hjelpemiddel

Her er ei liste med nokre nyttige hjelpemiddel for folk som vil skriva god og korrekt nynorsk:

- Magne Rommetveit: *Med andre ord*. Synonymordbok med nynorske avløysarar for bokmålsord/-formuleringar. Finst òg i elektronisk utgåve.
- <http://www.sprakrad.no>
Vevsida til Språkrådet inneheld svar på mange språkspørsmål.
- http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek_nynorsk.html
Nynorskordbok på nettet.
- Finn Erik Vinje: *Skrivereglar*. Reglar for teiknsetjing og liknande.